

## **VILLREINJAKTA 2009 – SAMLERAPPORT FRÅ JAKTOPPSYNET I NORDFJELLA**

### **1. OPPSYNSPERSONELL**

Følgjande 7 personar var engasjerte av villreinutvalet i oppsynstenesta:

01	Per Aksel Knudsen
02	Alf Waaler
05	Silje B. Torgersen
07	Gunnar Dokk
08	Øystein Flaget
09	Håkon Øydvin (oppsynsleiar)
011	Runar Tufto

Som dei føregåande åra har oppsynet i Nordfjella vore tilknytt Statens Naturoppsyn/ politiet sin felles oppsynsentral på Skinnarbu.

### **2. UTFØRD TENESTE**

Det vart av eige jaktoppsynet utført til saman **76** oppsynsdagar. Desse dagsverka utgjorde i alt **920** timar, noko som gjev ei gjennomsnittleg arbeidstid på 12,1 timar pr. dag. Tilsvarande tal i 2008 var 78 oppsynsdagsverk, 940 timar, og 12 timar pr. dag.

SNO deltok med to mann som hadde 3 feltdagar på nordsida av rv. 50. Politiet var ute 1 feltdag ved Kvevassvegen og kontrollerte jegrar. Hol fjelloppsyn var med og kontrollerte reinsjegrar ein dag..

#### **Kontrollar**

oppsynskontrollar fordelte seg slik (fjorårstala i parentes):

-	235	informasjon	(202)
-	82	kontrollar	(125)

Her er Hol fjelloppsyn og SNO/ politiet sine tal medrekna.

#### **Registrerte tilfelle av skadde dyr fjorårstala i parentes**

Skadde dyr sett av oppsyn:	1	(1)
” ” avliva av oppsyn:	1	(0)
” ” avliva av jegerar:	3	(3) (1 med naturleg skade)
” ” funne daude*:	0	(3)

\* av oppsynet eller andre som har meldt frå om funn av daude dyr under jakta.

Dette gjev ein skadeskytingsprosent (registrerte skadde/ døde dyr i høve til fellingskvote) på 0,57 % (0,6 % i 2008). Dette er bra i høve til tendensane som har vore nokre år.

### **3. GENERELT OM JAKTA**

Hovudtyngda av dyr har stått nord for Rv. 50 denne jakta, oppsynet har registrert ca. 1000 dyr sør for riksvegen.

Nord for rv. 50 sto storflokkane langt aust i byrjinga på jakta etter kvart trekte flokkane vest og nordover og siste dagane i jakta sto dyra i området kring Hånosi i Lærdal

Når det gjeld reinen sør for rv. 50, så hadde me storflokkane langt sørvest i Aurland i starten av jakta. Men allereie andre veka i jakta trekte meir enn halvparten av dyra ut av villreinområdet sørover mot Osafjellet i Ulvik. Det blei registrert dyr så langt sør som Rembesdalen. Dyra blei ikkje jakta på i det området på grunn av fredning, og vart derfor ståande resten av jakta.

Reinsjakta 2009 har vore prega av mykje regn og skodde som har gjort jaktforholda vanskelege, dette lyt nok ta mykje av skulda for det dårlege jaktresultatet.

### **4. JAKTUTØVINGA**

Jaktutøvinga har vore svært god denne hausten, ein skadeskytingsprosent på 0,57 er svært bra.

Oppsynet har eit anmeldte forhold, som er sendt politiet når det gjeld jaktutøvinga. Dette gjeld inhuman jakt, skyting på dyr i stor fart.

Oppsynet melder om til saman 2 OPS-saker (saker der det er gjeve munnlege pålegg på staden). OPS-sakene gjaldt formalitetar omkring våpenkort eller kontrollkort.

Fleire av oppsyna melder i rapportane sine om bomskyting i gode situasjonar, her må jegrane vera sitt ansvar bevist om å sjekka våpen og driva regelmessig skytetrening.

### **5. SAMJAKTAVTALAR**

Bruken av samjaktavtalar over valdgrensene har vorte meir omfattande dei siste åra. Oppsynet ser positivt på avtalar som gjer att jegrane kan jakta der dyra står, i staden for å liggja å jakta på grensene. Det har ikkje vorte registrert nokon negative episodar med desse samjaktavtalane.

### **6. SAMBAND OG KOORDINERING AV OPPSYNET**

#### **Oppsynssentralen på Skinnarbu**

Til saman 61 samtalar (79 i fjor) vart journalførde mellom oppsynssentralen og oppsyn/politi i Nordfjella. Skinnarbu fungerer svært bra. Oppsynet bør bli flinkare til å melde inn aktivitet, då vil loggen bli betre som dokumentasjon i ettertid, for eks. dyreposisjonar, skadde dyr.

#### **Internt samband**

Sikringsradiokanal 12 (i tillegg til 7 og 8) har brukbar dekning i området nord for rv. 50, men er vanskeleg å nå frå områda sør for denne veggen.

#### **Koordinering:**

Både politi, SNO og lokale oppsyn støtter opp om Villreinutvalet si oppsynsordning og melder seg til oppsynsleiar/ Skinnarbu før dei dreg ut.

Aurland, den 12/10-09

Håkon Øydvin  
-oppsynsleiar-

